



Kristent Fellesskap
v/Asbjørn Helland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7478 - 15/35549

Saksbehandlar:
Olaf Michal Hella
Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:
20.11.2015

Vedk. søknad om leige av lokaler

Skulen viser til søknad om bruk av lokale ved Knarvik ungdomsskule våren 2016, motteke på e-post 15.11.15.

Søknaden gjeld søndagar i partalsveker (i tida 09.00-14.00):

3. januar, 17. januar, 31. januar, 14. februar, 28. februar, 13. mars, 27. mars, 10. april, 24. april, 8. mai, 22. mai, 5. juni og 19. juni.

De får nytte Amfiet slik som før, og kantinekjøkken ved behov.

Når det gjeld klasserom til barnarbeid kan de nytte rom 113 og 114 (nybygget). Det er og mogeleg å bruke 1 rom på 8. klasse-avdelinga (gamle delen av skulen) ; for eksempel 8A eller 8B sitt klasserom.

Oppbevaringsrommet de har nytta i kjellaren ved inngang A treng skulen til eige bruk no (keramikkovn skal inn dit) . Ber om at rommet blir rydda innan første halvdel av januar. De vil få nytt rom til oppbevaring av utstyr i kjellaren på nybygget.

Det er og nødvendig at nøkkelen de har hatt til no blir bytta. Kom innom skulen når det høver slik at vi får ordna dette.

De får låne romma ved skulen etter Lindås kommune sine utlånsreglar. Ta kontakt dersom de treng ny utskrift av desse og av branninstruksen.

Med helsing

Olaf Michal Hella
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Mottakarar:
Kristent Felleskap

v/Asbjørn Helland